

# REFERAT FRÅ MØTE I STRANDEBARM SOKNERÅD

## 18.01.24.

Møte starta kl. 19.00

Desse møtte: Jorunn B. Lillefosse, Margun M. Tordal, Renate B. Nernes, Tor Håkon Berge, Vetle Karlsen Eide, Lillian H. Fosse.

Forfall: Helena de Groen, Kjell Hoff.

Margun yngste velkommen til første møte i 2024, og Tor Håkon hadde ord for dagen frå Efes. 4. 29-32.

### **SAK 1/24. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat.**

**Vedtak:** Innkalling , sakliste og møtereferat vart godkjent.

### **SAK 2/24. Meldingar.**

- det har ordna seg med folk på Mundheim til å setja opp plakatar.
- Margun lagar/set opp ei orientering for rutiner/bruk av kyrkjelydshuset.
- Siv Ljones er tilsett i ein liten stillingsprosent som vaskar.
- Det er laga ein trusopplæringsplan for Kvam. Denne finn me på heimesida til kyrkja.
- Margun lagar ein aktivitetsliste over det som skjer i kyrkja vår. Denne skal ho senda ut til soknerådet.
- Fekk kopi av rekneskapen til kyrkjelydshuset og litt orientering om det.
- Presten ville ha litt tilbakemelding om erfaringa med tidleg gudsteneste på julafta. Dei fleste synest det var positivt, særleg barnefamiliane.
- Nokre av glasrutene i tårnet er lause og kan ramla ut. Dette må ordnast snarast.

### **SAK 3/24. BØNEVEKE. KVA VIL ME GJERA I STRANDEBARM KYRKJELYD?**

**Vedtak:** Bøneveka 21.01-28.01 er i regi av Norges Kristelige Råd. I vår kyrkje vil me dela ut brosjyrer i gudstenesta søndag 21.januar. Laurdag 27.01 skal det vera bøneda i Norheimsund kyrkje kl.09.00 – 13.00 og 21.00. Søndag 28.01. vert det gudsteneste i kyrkja der tårnagentane (3.klasse) vert med. Vi oppmoder alle i soknet til å møta opp i Norheimsund kyrkje denne helga, og å be for folk og land.

**SAK 4/24. Fosse-seminar. Arbeidsgruppe.**

**Vedtak:** Det vert i Kvam jobba med ei å starta ei arbeidsgruppe som skal ta for seg Jon Fosse, og korleis trua hans kjem fram i diktinga hans. Soknerådet meiner det er naturleg av representantar frå heimbygda hans får invitasjon til å vera med.

**SAK 5/24. Kamera på parkeringsplass ved kyrkja.**

**Vedtak:** Det er i sommarhalvåret ein god del parkering av bilar/bubilar på parkeringsplassen ved kyrkja. Det har også vore ein del «burning» av ungdommar i bilar. Dette fører med seg ein del uheldige episodar. Soknerådet er kome til at me ikkje har nokon heimel for å kunna setja opp kamera på ein offentleg plass. Men me vil oppmoda grendautvalet til å få på plass spann der bobilgjestene kan kasta brennbart avfall som td. Eingongsgrillar, for dette bør ikkje blandast med brennbart avfall i dei store containarane som er utplasserte.

**SAK 6/24 Oppstart av søndagsskule i vårt sokn? Kven kan bidra? Form på samlingane?**

**Vedtak:** Margun jobbar med å få dette til. Ho har også fått med seg Anne Marie B.Berge og Hannah Børsheim i dette arbeidet. Håper også at det skal vera mogeleg å få konfirmantane med i den praktiske gjennomføringa. Kjem tilbake til korleis dette kan gjerast seinare.

**SAK 7/24. Husstyre for kyrkjelydshuset.**

**Vedtak:** Soknerådet meiner det ikkje er trong for eit eige husstyre. Arbeidsgruppa som tek seg av det praktiske rundt huset (Lars og Torill Gjerde, Olav Tombre) fungerer veldig bra.

**SAK 8/24. Orientering om personalsituasjon.**

**Vedtak:** 1.april i år går soknepresten vår tilbake i stillinga si som Seniorrådgjevar for diakoni og samfunn ved bispedømmekontoret i Bjørgvin. Då står Kvam utan faste tilsette prestar. Stillingane skal lysast ut i løpet av våren. Har me som repr. for soknet ting/oppgåver som me synest det må fokuserast på ved desse utlysingane, må me gje tilbakemelding til Margun om dette snarast.

**SAK 9/24 Tankesmie om aktivitetar i kyrkjelyden vår.**

**Vedtak:** Denne saka går ut og vert teken oppatt på eit seinare møte.

**SAK 10/24    Eventuelt.**

Renate etterlyste brannøving for oss som skal gjera teneste i kyrkja. Dette må me prøva å få til i samarbeid med kyrkjetenar Bjørn Kåre snarast.

Avslutta med å be Fader Vår. Møte slutt kl. 21.00

Jorunn B. Lillefosse

Ref.